

Høyringsuttale frå Lesja kyrkjelege råd, Nord-Gudbrandsdal prosti, Hamar bispedømme

NOU 2013 : 1 «En helhetlig tros- og livssynspolitikk»

Lesja kyrkjelege råd stiller seg bak Stålsett-utvalet sine 8 prinsipp for ein menneskjerettigheitsbasert, aktiv støttande og ikkje-diskriminerande trus- og livssynspolitikk, der alle må akseptere å bli eksponert for andre sine trus- og livssynsuttrykk i det offentlege rom.

Forskjell på by og land:

Utvalet viser fleire gonger til den mangfaldige trus- og livssynssituasjonen ein finn mellom anna i Oslo, men verkelegheita i små kommunar er ofte ei heilt anna. I vår region høyrer oppimot 90 % av innbyggjarane til i Den norske kyrkja, og religiøsitet blir fyrst og fremst uttrykt gjennom kyrkja sine ritualar, knytt til viktige hendingar i folk sine liv.

Livssynsope samfunn:

Det er positivt at ein går vekk frå uttrykket «livssynsnøytralt» som eit ideal for offentleg politikk. «Livssynsope samfunn» gjev meir uttrykk for ei ope og inkluderande haldning i møte med alle menneskjes tru og livssyn, og signaliserer meir respekt for at ulike livssyn er ein viktig og naturleg del av livet.

Den norske kyrkja i samfunnet:

Det må ikkje bli slik i framtida at Den norske kyrkja må tone ned sitt engasjement for å møte folk der dei er, i frykt for å overkøyre andre. For å få ein større grad av likebehandling i eit trus- og livssynsope samfunn, bør det lagast rammevilkår som legg til rette for utviding av religions- og livssynsnærvær på ulike samfunnsområder.

Eit trus- og livssynsope samfunn blir best dersom gjeldande ordningar i større grad blir utvida til å inkludere eit mangfald av trus- og livssynsaktørar, og ikkje ved å redusere nærværet til Den norske kyrkja.

At majoriteten av innbyggjarane opplever at tilbodet for deira trussamfunn blir redusert eller fjerna, vil ikkje vera nokon god start for eit meir livssynsope samfunn.

Kyrkjebygg:

Kyrkjene som bygg har oftast stor betydning for innbyggjarane i ein by/bygd, uavhengig av om dei er medlemmar av Den norske kyrkja eller ikkje. Det er derfor ikkje tilstrekkeleg å berre sjå på kyrkjebygg som lokalar for Den norske kyrkja sine aktivitetar. Kyrkjene står i ei særstilling blant eldre norske kulturminner. I mange bygder er kyrkja det eldste bygget, og inneheld store mengder inventar og kunst av nasjonal kulturminneverdi.

Det er nødvendig at staten tek eit særleg ansvar for at kyrkjebygg blir sikra og vedlikehalde. Prinsippet om likeverdig behandling av alle trussamfunn må ikkje vera til hinder for at det offentlege kan ha særskilde ordningar for kyrkjebygg.

Kyrkjene si særstilling tilseier at støtte til sikring/vedlikehald av desse må sjåast som del av kulturpolitikken og ikkje berre som bidrag til trussamfunnet Den norske kyrkja.

Gravferdsforvaltning:

Lesja kyrkjelege råd går inn for å vidareføre dagens ordning. Den norske kyrkja har opparbeida mykje god kompetanse og erfaring i møte med menneskje som treng denne tenesta. Til og med utvalet stadfester at Den norske kyrkja har utført gravferdsansvaret på ein god måte, både for medlemmar og ikkje-medlemmar.

Den norske kyrkja skal vise respekt for den avdøde, vidare respekt for den avdøde og dei pårørande sitt tru- og livssyn. Nylege justeringar i lovverket ivaretek minoritetsinteresser på gravplassen.

På mange stader er det å kunne ha kombinasjonsstillingar kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar ei fleksibel og kostnadseffektiv løysing

Livssynsteneste i offentlege institusjonar:

Det er beklageleg at utvalet foreslår ei gradvis avvikling av dagens ordning med fengsels-, felt- og institusjonsprestar, med likestilling som argument. Også her ser det ut som om utvalet er meir oppteke av å begrense eit trussamfunn, i staden for å leggje forholda til rette for andre trus- og livssynssamfunn.

Vi meiner det heller må bli slik at også andre trus- og livssynssamfunn må få sin naturlege plass for å kunne ivareta sine medlemmar. Det kan gjerast med formell tilknytingar mellom institusjonane og andre trus- og livssynssamfunn. Å fjerne tilbodet frå ei majoritetskyrkja, er inga god løysing for eit livssynssope samfunn.

I dag er kyrkja ein naturleg del av den kommunale krisegruppa. Alle, uavhengig av religion eller livssyn, må bli godt ivareteke ved kriser. Når utvalet peiker på at ingen trus- eller livssyn må gjevast noko særstilling må dette balanserast mot behov for kompetanse og den faktiske samfunnssituasjonen. I staden for å la likebehandling resultere i at kyrkja blir fjerna frå planlegging og leiing i dette arbeidet, bør andre religionar og livssyn involverast meir.

Med si erfaring med sorg og kriser, er prestane ein viktig ressurs i mange lokalsamfunn. Det vil vera uheldig å gje avkall på kyrkjeleg kompetanse knytt til krisehandtering og formidling av dødsbodskap. I og med at det store fleirtalet er medlemmar i Den norske kyrkja, vil, vil dei kyrkjeleg tilsette uansett bli involvert ved alle store katastrofar og ulykker.

Vigselsrett:

Det er lange tradisjonar for kyrkjeleg vigsel, og vigselsretten har vore forvalta på ein god måte. Det sivilrettslege med prøving av ekteskap, juridisk «kontroll» og oppføring av vitne, er ivareteke av sivilsamfunnet gjennom folkeregisteret.

Det vil vera uklokt og unødvendig å ta bort trussamfunnet sin vigselsrett. Det er folket si friheit som blir begrensa, og ikkje trussamfunnet, dersom paret må innom ein lensmann eller ein dommar for å gifte seg.

Tap av vigselsrett vil kunne føre til at medlemmar opplever kyrkja sine ritual som mindre tilgjengelege, noko som vil vera eit negativt bidrag til å styrke trus- og livssynet sin plass i samfunnet.

Fødselsmelding:

Utvalet kjem med forslag om at «Melding om fødsel. Særskilt melding til Den norske kyrkje/registrert trossamfunn» skal avskaffast. Dette er nok eit eksempel på at det er viktigare for utvalet å redusere servicen overfor majoriteten av befolkninga i Norge, enn å leggje til rette for at andre trussamfunn og religionar får nødvendig hjelp til registrering.

Kyrkjeval:

Det bør framleis vera anledning til å halde kyrkjeval, i tilstøytande lokal, samtidig med offentlege val. Å ha kyrkjevalet samtidig med offentleg val har vist seg å vera avgjerande for å oppnå høgare valdeltaking i kyrkja, noko som bidreg til å styrke kyrkjelege organ sin demokratiske legitimitet. Tydeleg avgrensing og god skilting er nødvendig for å markere at det er to ulike val.

Lesja, den 30.08.2013
for Lesja kyrkjelege råd

Torunn Skotte Stavheim
kyrkjevevje